

Privat detaljregulering – utviding av Sveio Golfpark, GNR. 92 BNR. 10 OG 15.

Mellombels plan ID: 2020901

Saksnummer: 20/968

1. REGULERINGSFØREMÅL

Målet med planen er å leggja til rette for utviding av eksisterande golfanlegg. Det nye arealet som inngår i denne planen skal saman med noko av arealet i eksisterande golfanlegg gi plass til ein ny 9 hol golfbane. Denne bana blir særleg tilpassa dei som ønskjer å starta med golf, ikkje minst barn- og unge.

2. FELLES FØRESEGNER FOR PLANOMRÅDET

- 2.1 Lagring av massar i anleggsfasen skal fortrinnsvis plasserast langs anleggsveg. Desse massane skal brukast til gjenfylling/tilstelling av anleggsvegar ved ferdigstilling av anlegget.
- 2.2 Dersom det oppstår trøng for bruk av plantevernmidlar, skal desse tilfredsstilla forskrift om plantevernmidlar av 06. mai 2015.
- 2.3 Golfområdet skal så langt det lar seg gjera utformast universelt.
- 2.4 Jordlova §9 og 12 gjeld innafor planområdet.
- 2.5 Framande artar: Det skal leggjast vekt på å hindra spreiling av framande artar innafor planområdet. Av registrerte framande artar innanfor planområdet er det berre funne sitkagran. Eksisterande tre av denne art skal fjernast, og det vil bli etablert rutinar for årleg oppfølging og fjerning av inntrenging av både denne og eventuelle andre framande artar.
- 2.6 Nasjonale føringer for golfbanar og føringer for jordvern/matproduksjon skal følgjast opp og varige inngrep unngåast.

3. FØRESEGNER TIL AREALFØREMÅL

- 3.1 Bygg og anlegg ( pbl. §12-5 nr.1)

Golfbane GB 1-5

3.1.1 Golfbane

a)

- Utforminga av golfanlegget skal i størst mogleg grad vera tilpassa eksisterande landskap og sær preg. I terrenget utanfor det arealet som skal brukast til golfaktivitetar skal det ikkje gjerast inngrep i terrenget eller eksisterande trær/vegetasjon.
- b) Anleggsarbeidet skal unngåast i periodar med flau.
  - c) Golfforbundet sin rettleiar «sikkerhetsanbefalinger for Golfbaner» skal følgjast ved utforming av bana.
  - d) Nødvendige terrenginngrep skal ikkje føra til større høgdeavvik frå eksisterande terrenge enn 1,5 meter.
  - e) Matjord i området skal brukast innanfor planområdet.

- f) Avrenning til vassdrag skal avgrensast. Bekkeløp frå området skal det byggast opp ein terskel av naturstein frå bekkefar på om lag 20-30 centimeter for å forseinka avrenninga til influensområda. Bekker skal ikkje leggjast i røyr.
- g) I ein eventuell krisesituasjon knytt til matvaretryggleik, eller om golfaktiviteten vert avslutta, skal areala tilbakeførast til landbruksføremål.
- h) Trong for parkering for den nye 9 hol bana er dekka av parkeringskapasiteten i eksisterande golfpark.
- i) Eventuelle nye drensrøftar må leggjast så djupt at dei ikkje kjem i konflikt med eit eventuelt tilbakeført areal til landbruksføremål.

### **3.2 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR.**

- Køyreveg GT 1-2, dette gjeld berre mellombels anleggsvegar
  - Kabelanlegg for robotklypparar vi bli lagt langs anleggsveg
  - Vassleidningsanlegg for vatning av golfbana vil bli lagt langs anleggsveg
- Alle tekniske anlegg skal visast på «Masterplan» for området.

## **4. FØRESEGNER TIL OMSYNSSONAR ( pbl §12-6, 12.7 og 11.8)**

### **4.1 Sikrings- støy og fareområde H 5.1 ( pbl §11-8 )**

- a) Flaumfare:

*Krav eller forbod for å sikre tryggleik og avverje fare:*

Område som kan bli ståande under vatn ved varig ekstremregn skal bestå av materialar og grassortar som toler dette.

### **4.2 Særlege omsyn til bevaring av naturmiljø H 5.3 ( pbl §11-8c)**

- a) Kantområde:

*Om bruk og vern:*

Ytterkantane av det nye planområde skal vernast mot spreiing av framande arter som til dømes sitkagran. Det skal lagast skjøtselsplan for området der det årleg skal undersøkjast introduksjon av framande artar. Slike skal fjernast mest mogleg effektivt.

## **DOKUMENT SOM GIR JURIDISK VERKNAD GJENNOM HENVISNING I BESTEMMELSANE.**

Golfforbundet sin rettleiar «Sikkerhetsanbefalinger for golfbaner»